



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

### TILSYN MED BJERKREIM KOMMUNE

---

**TIDSPUNKT:** 18. november 2009      **Vår ref:** 2009/9098

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4389 Vikeså

**KOMMUNENR:** 1114

**TILSYNSGRUPPE:** Hallgeir Bø, Vivild Omdal Bredal og Kåre Kr. Høines

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Kommunalsjef Rune Andersen

---

#### **Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1, andre og tredje ledd og delegasjonsbrev datert 13.09.07 fra Utdanningsdirektoratet.

#### **Tema for tilsynet:**

Tema for tilsynet er elevane sitt psykososiale miljø, jf. § 9a-3 i opplæringslova. Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav i denne regelen, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

#### **Samandrag av resultat:**

##### **Avvik 1:**

Bjerkreim kommune sikrar ikkje at oppmodingar frå elevar eller foreldre om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale miljø, blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i opplæringslova og forvaltningslova.

##### **Avvik 2:**

Bjerkreim kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova knytt til elevane sitt psykososiale miljø blir oppfylte.

#### **Godkjent:**

Kåre Kr. Høines  
tilsynsleiar

Vivild Omdal Bredal  
rådgivar

Hallgeir Bø  
assisterande utdanningsdirektør

# Innhold

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Vedtak om retting av avvik
6. Gjennomføring

## Vedlegg:

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn  
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Bjerkreim kommune 18.11.2009.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Bjerkreim kommune har tilfredstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarleg vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

### **3. Avvik**

#### **Avvik 1:**

Bjerkreim kommune sikrar ikkje at oppmodingar frå elevar eller foreldre om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale miljø, blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i opplæringslova og forvaltningslova.

#### **Avvik frå**

Opplæringslova § 9a-3, jf. reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### **Lovkommentar:**

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. opplæringslova § 9a-3.

Å behandle saka etter reglane i forvaltningslova inneber til dømes at skolen/skoleeigaren har ansvar for at saka er så godt opplyst som mogleg før ein fattar vedtak, jf. forvaltningslova § 17. Vedtaket skal vere skriftleg med mindre dette av praktiske grunnar vil vere særleg byrdefullt, jf. forvaltningslova § 23. Den eller dei som har kome med oppmodinga, skal få melding om vedtaket og klagerett, jf. forvaltningslova § 27.

Saman med vedtaket skal det følgje ei grunngjeving. Det er ikkje naudsynt med grunngjeving dersom ein gir medhald, og det ikkje er grunn til å tru at nokon part vil vere misnøgd med avgjerda, jf. forvaltningslova § 24.

Skolen sin reaksjon vil bli rekna som eit enkeltvedtak sjølv om tiltak ikkje blir sett i verk, jf opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Innsend dokumentasjon og intervju viser at det ikkje har blitt fatta enkeltvedtak i saker der foreldre har bedt om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale miljø. Skolane har sett i verk tiltak, men utan at det har blitt fatta skriftlege enkeltvedtak etter reglane i opplæringslova og forvaltningslova

#### **Avvik 2:**

Bjerkreim kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova knytt til elevane sitt psykososiale miljø blir oppfylte.

#### **Avvik frå:**

Opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. § 9a-3.

#### **Lovkommentar:**

Opplæringslova § 9a-3 regulerer rettar knytte til elevane sitt psykososiale miljø. § 13-10 andre ledd regulerer skoleeigar sitt ansvar for å sikre oppfyllinga av desse lovkrava. I forhold til tema for tilsynet følgjer det at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om lovkrava knytte til elevane sitt psykososiale miljø blir oppfylte. Dersom ein finn at krava i § 9a-3 ikkje blir oppfylte, skal kommunen kunne følgje opp med adekvate tiltak.

- Skoleeigar skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen

- Det skriftlege systemet skal vise kva rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering, kommunikasjon og samhandling som skal realisere føremålet med systemet
- Skoleeigar skal ha rapporteringsrutinar som sikrar kartlegging av om tiltaka som blir sette i verk verkar etter føremålet sitt
- Systemet må vere gjennomført i organisasjonen. Det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande for om det er i samsvar med lovkrava
- Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lov og/eller forskrift, og som sikrar at det blir sett i verk tiltak der det er nødvendig
- Skoleeigar må sjølv ta aktive grep for å sikre at regelverket blir oppfylt i eigen organisasjon
- Skoleeigar må sørge for tilstrekkeleg kompetanse i alle relevante ledd av verksemda for å kunne vurdere data og situasjoner opp mot lovkrava

#### **Avviket byggjer på følgjande observasjonar:**

Kommunen har utarbeidd ”Systematisk Kvalitetsvurdering”. Dokumentet syner ikkje i tilstrekkeleg grad kva rutinar og kartleggingar skolane skal gjennomføre på tilsynsområdet. Innsendt dokumentasjon og intervju viser at det ikkje er etablert rutinar for rapportering på tilsynsområdet.

Skolane har ikkje fatta enkeltvedtak i saker der foreldre har bedt om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Det er ikkje synleggjort at skoleeigar har tatt aktive grep for å avdekkje forhold som er i strid med lovverket når det gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

### **4. Merknader**

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader.

### **5. Vedtak om retting av avvik:**

Bjerkreim kommune blir pålagt å utarbeide eit forsvarleg system som sikrar at krava til at det blir fatta enkeltvedtak etter forvaltningslova dersom elevar eller foreldre ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet etter reglane i opplæringslova § 9a-3 og § 13-10 andre ledd.

**Fylkesmannen ber kommunen sende ei erklæring om korleis avviket er lukka. Frist for innsending av erklæringa er sett til 29.3.2010.**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er etter forvaltningslova § 29 tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram. Utdanningsdirektoratet er klageinstans, men klagen skal sendast Fylkesmannen i Rogaland. Ved ein eventuell klage kan kommunen be om at gjennomføringa av vedtaket blir utsett i påvente av ei avgjerd, jf. forvaltningslova § 42 første ledd.

### **6. Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei vart sendt ut:	03.09.09
Formøte vart halde:	05.11.09
Intervjua vart gjennomførte:	11.11.09
Sluttmøte vart halde:	18.11.09

## **Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannens tilsyn**

---

Materiale tilsendt frå Bjerkreim kommune:

1. Årsmelding
2. SKV, systematisk kvalitetsvurdering
3. Tiltaksplan for skolesektoren
4. Kompetanseutviklingsplan for 2008
5. Kompetanseutviklingsplan for 2009
6. Status for oppvekst og kultur
7. Leiarforum, temaoversikt frå 2008-2009
8. Skoleforum, eksempel på sakliste
9. Årsmøte i FAU, vedlegg presentasjon vist på begge skolane
10. Driftsutval, sakliste, orientering om elevundersøkinga
11. Enkeltvedtak, skjema til bruk for enkeltvedtak knytt til opplæringslova § 9a-3
12. Skjekkliste for ein tryggare skole
13. Veiledningshefte om elvenes psykososiale miljø

Materiale tilsendt frå Vikeså skule:

1. Oversikt over rutinar i høve til elevane sitt psykososiale miljø
2. Informasjon elvar foreldre, informasjonshefte for ungdomstrinnet
3. Kartleggingsskjema – IK-runde
4. Møteplan hausten 2009
5. Skjema for enkeltvedtak etter klage frå føresette /elev om det psykososiale arbeidsmiljøet etter § 9a-3 i opplæringslova
6. SKV, systematisk kvalitetsvurdering
  - Infoperm for Vikeså skule
  - Dette er Vikeså skule
  - Forventningar
  - Spesial og sosialpedagogiske rutinar
  - Heim- skule samarbeid
  - Aktivitetar
  - Planar
  - Andre rutinar og reglement

Materiale tilsendt frå Bjerkreim skule:

1. Verksemdsplassplan for Bjerkreim skule 2009-2010
2. SKV, systematisk kvalitetsvurdering

## **Vedlegg 2: Oversikt over personane frå kommunen som var direkte involvert i tilsynet**

Namn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Marthon Skårland	Ordførar			X
Inge Stangeland	rådmann	X	X	X
Rune Andersen	Kommunalsjef	X	X	X
Kjersti Bjerkreim	Rektor Vikeså skule	X	X	X
Siv Reidun Vaule	Lærer Vikeså skule	X	X	X
Kari Hv. Gjedrem	Sosiallærer Vikeså skule	X	X	X
Dag Voigt	Rektor Bjerkreim skule	X	X	X
Gudbjørg Bjerkreim	Lærer Bjerkreim skule	X	X	X
Siri Torstensen	Sosiallærer Bjerkreim skule	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Vivild Omdal Bredal, assisterande utdanningsdirektør Hallgeir Bø og seniorrådgivar Kåre K. Høines med sistnemnde som tilsynsleiar.